

# Benedicte Maurseth

Frå Eidfjord, Hardanger. Fødd: 1983

Adresse:

Breistølen 40

5034 Bergen

Tlf: +47 95 97 99 04

b.maurseth@yahoo.no

www.maurseth.net

## Samandrag av verksemd

Folkemusikar, komponist og sakprosaforfattar

Hovudinstrument: Hardingfele

Bi-instrument: Song og viola d'amore

Maurseth si frilansverksemd har vore stor og mangslungen sidan 2000. Ho har turnera mykje både som solist og i samarbeid med andre, både i Noreg og internasjonalt på tallause små og store festivalar og ved ulike konsertscenar, gjennom Rikskonsertene og på teaterscenar som Det Norske Teater og Nationaltheatret. Den solistiske hardingfelemusikken står hennar hjarte nærast, men ho arbeider også med mange av dei fremste kunstnarar på tvers av sjangrar og kunstuttrykk som til dømes: Jon Fosse, Svein Tindberg, Hildegun Riise, Knut Hamre, Nils Økland, Berit Opheim, Håkon Stene, Rolf Lislevand, med meir. Maurseth har initiert mange ulike prosjekt som til dømes *Morgon* og *Kveld* ved Nationaltheatret, *Andvake* ved Det Norske Teater, også fleire CD-produksjonar og samarbeidsprosjekt, arbeidd som produsent, undervist, og forska på eldre hardingfeler får 16. og 1700-talet og tilhøyrande barokkbogar og tarmstrenger. Ho arbeider også som komponist og sakprosaforfattar.

## Utdanning

1990-2018: Læretid hjå Knut Hamre frå Granvin i Hardanger

2004-2018: Læretid i kveding hjå Berit Opheim frå Voss

2002-2003: Grunnfag Kunsthistorie, UIB

2004-2006: *Spelemanskulen* ved Ole Bull Akademiet og Universitetet i Bergen

Har også over mange år tatt ei rekkje privattimar hjå Knut Hamre, Halvard T. Bjørgum, Stein Versto, Leif Rygg, Berit Opheim, Nils Økland, Bjarte Eike, Sabine Fehlandt, og Garth Knox, m.fl.

## Konsertar og turnear i utval åra 20010-2017:

Det Norske Teater, sceneversjon av *Andvake* av Jon Fosse, 40 førestillingar, Oslo

Rikskonsertene, diverse stader kring Noreg

Bergen Internasjonale Festspill

NCTA Folk Festival, diverse stater kring USA

Violin for peace, turné med L. Subramaniam, fleire byar i India

Umefolk, Umeå/Sverige

Riksscenen, Oslo

Utrecht konserthus, Utrecht/Nederland

Mai Jazz, Stavanger

Førdefestivalen  
Tri 60, Dublin/Irland  
Dei nynorske festspel, Ørsta  
Folk Baltica, Flensburg/Tyskland  
Hardanger Musikkfest  
Musikfestspiele Sanssouci, Potsdam/ Tyskland  
Norilsk Fest, Norilsk/Russland  
Vossa Jazz  
Hilmestemnet, Fagernes  
Isole che perlano festival, Sardinia/Italia  
Glattundverkhrt festival, Krems /Austerrike  
Over Tones lanseringsturné, Hamburg, Köln, Berlin, m.m / Tyskland  
Parma Jazz, Parma / Italia  
Long Lake festival, Lugano/Sveits  
Litteraturdagane i Vinje  
Ibsen og Hamsundagane, Grimstad  
Nationaltheatret, sceneversjon av *Morgon og Kveld* av Jon Fosse, 75 førestillingar, Oslo  
Sousse museum festival, Sousse / Tunisia  
Musica Devina - Festival van Vlaanderen, Mechelen / Belgia  
Solo Musica, Brasilia, Curitiba / Brasil  
m.m.

### **Land gjesta som musikar**

Sverige, Danmark, Island, Skottland, England, Irland, Tyskland, Belgia, Nederland, Austerrike, Italia, Russland, USA, Canada, India, Nepal, Sveits, Brasil, Tunisia.

### **Diverse samarbeidskollegaer av både skodepelarar, forfattarar og musikarar samla tidsrommet 2006-2018**

Sigbjørn Apeland, Barokkanerne, Geir Botnen, Snorre Bjerck, Anders Bitustøyl, Marylin Crispell, Caroline Eidsten Dahl, Sigrid Egtvedt, Gabriel Fliflet, Jon Fosse, Runar Gudnason, Ingrid Eriksen Hagen, Knut Hamre, Ole Hamre, Håkon Høgemo, Cornelius Jakhelln, Anne Marit Jacobsen, Per Jørgensen, Ruth Lillegraven, Rolf Lislevand, Arnhild Litleré, Mathias Loibner, Vegard Lund, Unni Løvlid, Lasse Marhaug, Stephan Meidell, Catriona McDonald, Odd Nordstoga, Åsne Valland Nordli, Rolf-Erik Nystrøm, Erlend Nødtvedt, Einar Steen-Nøkleberg, Berit Opheim, Liv Osa, Jan Ove Ottesen (Kaizers Orchestra), Philippe Pierlot, Agnes Ravatn, David Rothenberg, Hildegun Riise, Clare Salaman, Gunhild Seim, Elisabeth Seitz, Lars Ove Seljestad, Kristin Skaare, Henning Sommero, Jostein Stalheim, Dr. L. Subramaniam, Håkon Mørch Stene, Svein Tindberg, Stein Urheim, Stein Versto, Kristoffer Vogt, Jasser Haj Youssef, Nils Økland, med fleir.

### **CD og bok-utgjevingar**

2006: *Rosa i botnen*, Heilo / Grappa Musikkforlag  
2008: *Fodne ho svara stilt*, Heilo / Grappa Musikkforlag  
2010: *Alde*, Heilo / Grappa Musikkforlag  
2012: *Anima*, Heilo / Grappa Musikkforlag  
2014: *Over Tones*, ECM Records  
2018: *Tidekverv*, Heilo / Grappa Musikkforlag (utgjeving september 18)

### **Medverkar også på følgjande CD-er og film-musikk:**

2010: *Solefald*, Cornelius Jackhelln, m.fl.  
2010: *Våkenatt over Hardanger*, div. artistar  
2011: *Åresong*: Gabriel Fliflet, m.fl.  
2013: *Lussi Langnatt*, Henning Sommero  
2014: *Her er Harold*, av Gunnar Vikene. Musikk ved Jan Ove Ottesen (Kaizers Orchestra)  
2018: *Dreamarcher*, EP.

### **Bokutgjeving:**

2014: *Å vera ingenting – Samtalar med spelemannen Knut Hamre*. Det Norske Samlaget  
2019: *Systerspel*, bok om kvinnelege spelemenn, kjem på Samlaget haust 2019

### **Tingingsverksverk:**

2009: Komponerte ny musikk for solo hardingfele, tinga av Det Norske teatret i samarbeid med Rikskonsertene til sceneversjonen av Jon Fosses roman *Andvake*

2015: Komponerte ny musikk for solo hardingfele og vokal, tinga av Nationaltheatret til sceneversjonen av Jon Fosses roman *Morgon og Kveld*

2017: «Tidekverv». Uroppføring ved Oslo Kirkemusikkfestival. Ny folkemusikk av Benedicte Maurseth og Berit Opheim, i samarbeid med Rolf Lislevand og Håkon Stene

Har elles komponert musikk for solo hardingfele i over ti år, innspela til dømes på CD-utgjevingane *Alde* og *Over Tones*, og bruka i tallause solokonsertar, diverse teater-samanhengar, laga til forfattarar og skodespelarar ved opplesing av litterære tekstar, med meir. Maurseth har også framført verk skriva av komponistane Ketil Hvoslef, Jostein Stalheim, Nils Økland, Gabriel Fliflet, Henning Sommero og Knut Vaage.

### **Prisar/ Utmerkingar**

2007: Kåra til *Årets unge folkemusiker* og vinnar av *INTRO-folk* ved Rikskonsertene  
2010: *Alde* nominert til Folkelarmprisen i kategorien solo-CD  
2012: *Anima* nominert til Folkelarmprisen i kategorien Open klasse  
2014: *Over Tones* nominert til Folkelarmprisen i kategorien Open klasse  
2014: Vinnar av Open klasse på Landskappleiken på Røros saman med Stein Urheim  
2016: Civitella Ranieri, Artist in Residence, Umbria, Italia  
2017: Månadens artist ved Riksscenen  
2018: Vossa Jazz prisen  
2018: Eidfjord Kommunes kulturpris

### **Innkjøp**

2006: *Rosa i botnen* vart kjøpt inn av Norsk Kulturråds innkjøpsordning  
2010: *Alde* vart kjøpt inn av Norsk Kulturråds innkjøpsordning  
2012: *Anima* fekk Norsk Kulturråds publiseringstøtte

### **Stipend i utval åra 2010-2018:**

Statens 1. Årige arbeidsstipend, folkekunstner  
Norsk Kulturråd, diversestipend  
Fritt Ord, manusstipend  
Norsk Faglitterær debutantstipend  
Rådet for folkemusikk og folkedans  
Sparebankstiftinga Hardanger  
Tono-stipendet  
Norsk Faglitterær forfatterforening, arbeidsstipend  
Komponisternes vederlagsfond  
Bergen kommune kulturstipend  
Hordaland fylkeskommune kulturstipend  
Statens 1. Årige arbeidsstipend for populærkomponister  
Statens Arbeidsstipend (3-årig)  
Statens diversestipend

### **Medlemskap**

Harding Puls  
Folk Org  
TONO  
NOPA  
Norsk faglitterær forfatterforening (NFF)

### **Anna**

Har vore fast skribent og skrive om folkemusikk for vekeavisa Dag og Tid.  
Har også tidlegare arbeidd som lærar på hardingfele i Kulturskulen for Kvam kulturskule 2004-2007 og Bergen Kulturskule 2006-2007. Har i tillegg gjeve tallause privattimar på hardingfele og kurs i slåttetradisjon frå Hardanger gjennom mange år.

### **Styreverv / frivillig arbeid**

Hardanger Spelemannslag, styremedlem  
Columbi Egg Folkemusikkklubb, styremedlem  
Tono, medlem av kontrollkomiteen  
Hardanger Folkemusikksamling, leiar  
Norsk Kulturråd (medlem i musikkutvalet)

---

### **Omtale / presse**

Vossa Jazz 2017:  
«(...) this year special church concert was the best yet I've heard, a duet with Benedicte Maurseth and Jasser Haj Youssef. Pure Magic.»

*Down Beat Magazine*

«Morgon og kveld» er en bortimot perfekt syntese av to kunstformer, og like mye en triumf for Benedicte Maurseths helt uvanlige evner som musiker og komponist som for Anne-Marit Jacobsens strålende skuespillerkunst»

Sindre Bremnes, Folkemusikk

*Over Tones*, ECM Records:

«This sequence of duo s and solos makes this far more than just another excellent CD of Norwegian folk – it's a journey into new territory.

*Fiona Talkington,*

*Songlines*

---